



1

1. LOGESØSTRE: F.v: Jorunn Vik, Astrid Toft, Reidun Espeland og Inger Marie Hovden meiner medlemskapet i Rebekkalogen styrkar vennskapet mellom dei og styrkar kvar og ein av medlemmen meir skravling, fortel damene og smiler. **2. KLESKODE:** Inger Marie Hovden viser fram eit av dei to logantrekka som nyttast på medlemsmøtene. Ved spesielle høve blir det nyitta gallantrekk. **3: S:**

SØSTRER GJER GO

For «Rebekkaloge Nr. 97 – Lanternen» handlar alt om å vere og å bli eit godt medmenneske.

- Det er jo ein del symbol og ritual vi nyttar som er hemmelege, men det er ikkje noko skummelt, forsikrar Astrid Toft.

Ho er ein av dei om lag 50 medlemmene i Odd Fellow sin kvinnelege loge i Florø. Desse heiter Rebekkalosjer og i Florø held dei møter kvart 14 dag i kjellaren på Sanitetshuset i Markegata. Søndag skal dei ha basar på Havglytt klokka 16.00 og i samband med denne kom vi i kontakt med Reidun Espeland. Ho gjekk med på å ta ein prat med Firdaposten for å fortelje litt kva Rebekkalosjen i Florø driv med. For no skal dei vere litt opnare mot omverda.

Vi blir invitert heim til Reidun Espeland i leilegheita på Kolkaia. I stova blir slått av den mektige utsikta over Florøvika. Og i dette maritime miljøet fell namnet på losjen til damene heilt naturleg. «Loge nummer 97 Lanternen» dei og vart etablert i 1994. Det er fire slike i Sogn og Fjordane. I Florø, Måløy Sandane og i Førde. Ei tid var det slik at rebekkasøstrene i Florø reiste til losjen i Førde, men etter kvart vart det så mange medlemmer i Kystbyen at dei etablerte sin eigen.

Rebekkalosjen er ein del av Odd Fellow-ordenen, men det er stort sett berre nyttårslosjen kvinnene og mennene har felles møte. Elles jobbar dei sjølvstendig kvar for seg. Og kva gjer dei? Svaret er mykje godt. Både for seg og sine og for samfunnet elles. Men samfunnsnytten desse damene gjer blir ikkje kringkasta i same grad som vanlege veldedige organisasjoner. På landsbasis blir det gitt

støtte til kreftforsking, og MS dei har kjøpt to redningsskøyter og drifta dei og driver to SOS-barnebyar. Lokalt har dei jobba for Krisesenteret, støtte til omsorgssenteret, ungdom på Haffen og etablert rasteplass og kjøpt inn brudestolar i Kinnakyrkja for å nemne nokre få prosjekt dei har støtta. Dei har engasjert seg sterkt med å servere mat til pasientar og pårørande på poliklinisk kreftavdeling i Førde og støttar økonSlike initiativ er vi vande med frå veldedige og frivillige organisasjonar. Rebekkalosjen er meir enn det. Men treng dei å vere det?

Som journalist er eg mest oppteken av mytane og det desse damene ikkje vi fortelje meg. Dei fortel meg, og eg trur på dei sjølv sagt, at det ikkje er noko skummelt med det dei ønsker å halde hemmeleg.

- Men kvifor ikkje berre droppe dei hemmelege symbola og rituala som folk flest ikkje får ta del i og praktisere full openheit?

- Rituala er viktige for oss, strekar Jorunn Vik fast og får nikke frå dei tre andre.

«Barnebarnet mitt spurte kva eg skulle då eg stod i losjeantrekket mitt. Eg skal i losjen og bli eit betre menneske, fortalte eg.»


Uforanderlege ritual, seremoniar og symbol gjer det både høgtidleg og eksklusivt å vere del av dette søsterfellesskapet. Det er rituala, symbola og seremoniane som gjer kvar og ein ring til ei kjede. For mange er dette blitt viktigare i ein kvardag med høgt tempo. Odd Fellow er ein orden som snart er 200 år gammal og Rebekkalosjen er over hundre. I ei svært så foranderleg tid så er




i tillegg. – Seremoniar, ritual og symbolikk i logemøtene er uforanderlige verdier og ein arv i dette fellesskapet. Etterpå er det

SYMBOLET: Dette er Odd Fellow-logoen som symboliserer dei tre lenkene i ordenen Vennskap, Kjærlighet og Sannhet.

FOTO: DAG NESBØ FRØYEN



2



3

ODT I DET SKJULTE

symbol og ritual, både i klesdrakter, kragar, plasseringar i losjelokalet, grader og posisjonar noko fast og trygt. Og dei er pålagt tausheit som gjer at dei er felles om ei pakt. Losjemøta har i seg noko fast og rituelt som medlemene er saman om. Og på spørsmål om Rebekka-søstrene kjem nærrare kvarandre er svaret ja.

- Vi Rebekkasøstrene veit jo at vi har same formål, seier dei.

På dagar som kanskje ikkje er dei beste, er desse damene samde om at losjemøta gir samhald og energi. Dei blir eit friminutt dei alltid vender tilbake til og som kan lette humøret og sinnstemminga om verda kan synest grå og meininglaus. Samhaldet gir meining.

- Barneboret mitt spurte meg kva eg skulle då eg stod i losjeantrekket mitt. Eg skal i losjen og bli eit betre menneske, fortalte eg og fekk eit veldig koseleg svar, fortel Jorunn Vik og smiler. «Du farmor? Det er ikkje mogleg at du kan bli noko betre».

Noko dei kan bli betre til i Florø, er

derimot å rekruttere nye medlemmer. Dei erkjenner at medlemmene blir eldre, medan det ikkje fyllast like fort opp av yngre. Dette trur dei kan endre seg. For på landsbasis aukar medlemstalet framleis - kanskje nettopp på grunn av tidene vi lever i.

Gjennom året møtest søstrene i logen på same dag og til same tid. Dei har på seg same klede og gjennom eit møte på om lag to timer gjer dei rituelt sett det same. Skulle nokre av medlemmene vere i eit anna land kan dei via passord møte «sine eigne» ute i verda.

Det er berre medlemmer i ordenen som har adgang til logemøtene. Det er her ritual og seremoniar og symbol blir nytta. Desse er viktige

for ordenen sitt pedagogiske og etiske innhald. Desse rituelle søylene i logen har alle søstrene avlagt løfte om at skal bli verande hemmelege.

Det er ikkje slik at du kan melde deg inn i ein losje om du sjølv finn det for godt.

Då må bli tilrådd av ei som allereie er innanfor. Sjølv om skeptikarane til slike lukka samfunn meiner dei er ekskluderande, så

forsikrar dei oss om at det er få krav som stillast til medlemmene. Men krava er absolutte. Søkarar må vere over 21 år og ha eit godt omdøme. Dei må vedkjenne seg trua på eit høgare vesen som verdas skapar og held oppe. Såleis skal det vere rom for alle menneske i ordenen, uansett religiøs bak-

grunn.

Ordenen er ikkje bunden til noko spesiell religion, men læresetningane i ordenen er tilknytt vest-Europeisk tankestett og er påverka av den religionen i denne delen av verda.

Likskapen mellom Rebekkasøstre og Odd Fellow Brør visast gjennom uniformeringa. På vanlege rådsmøte nyttar alle medlemmene logeantrekks som er korte svarte kjolar. For mennene er det einsfarga dress.

Ved innvigslle av nye medlemmer og ved andre meir høgtidleg høve blir det nytta lange kjolar og for mennene livkjole, eller smoking.

Krav til antrekk kjem av gamle ordenstradisjonar som handlar om at i Logen er medlemmene søstrar og likeverdige uansett deira rang og verdigheit utanfor ordenen.

REBEKKALOSJEN

Den kvinnelege institusjonen under Odd Fellow-ordenen. Etablert i 1898 og har i dag 10.872 medlemmer spreidd på 22 distrikt og 128 losjer. Rebekkasøstre kan utvikle seg gjennom fire grader. Truskapsgraden, ved innvielse. Den Gode Vannskapsgrad, Den Edle Kjærlihets Grad og Den Høye Sannhetsgrad.

Tekst & Foto:
Dag Nesbø Frøyen